



Arkivnr: 2014/19439-107

Saksbehandlar: Arne Åsan

Saksframlegg

Saksgang

Klinikkstrukturplan for tannhelsetenesta - oppfølging av tidlegare vedtak

Samandrag

Klinikkstrukturplan for tannhelsetenesta i Hordaland 2016 – 2030 vart vedteke av fylkestinget den 8. mars 2016 (sak 6/2016). Målet med planen var - og er - å utvikle ein klinikkstruktur innafor gitte rammer som kan tilby innbyggjarane i Hordaland stabile tannhelsetenester – inkludert spesialisttenester – av høg fagleg kvalitet. Tannklinikane skal ha ein storleik som gjer dei robuste til å ta hand om pasientane ved vakansar, feriar og permisjonar. Storleiken på klinikane er og avgjerande for at folkehelsearbeidet kan koordinerast med samarbeidspartnarar på ein effektiv og god måte.

For fem av tannklinikane i Hordaland fatta fylkestinget vedtak om å gjera «ny vurdering når kommunestruktur og oppgåvefordeling er avklart». Desse fem klinikane er Ulvik tannklinikk, Lofthus tannklinikk, Rosendal tannklinikk, Langevåg tannklinikk og Manger tannklinikk.

Stortinget vedtok 8. juni 2017 at tannhelsetenesta skal halde fram som eit fylkeskommunalt ansvarsområde. Fylkesrådmannen vurderer at kommunestruktur er såpass avklart at det nå er aktuelt å få ei avgjerd om kva som skal skje med desse fem tannklinikane.

Økonomi: Fire av dei fem aktuelle tannklinikane er ambuleringsklinikkar. Det er kun Manger tannklinikk som er i dagleg drift. Ei nedlegging av alle desse fem tannklinikane gir totalt ei årleg reduksjon av driftskostnader på 1,425 mill. Naboklinikane har kapasitet til å ta imot både tilsette og pasientar.

Klima: Organiseringa av tannhelsetilbodet har fokus på å holdast tal reiser så lågt som praktisk mulig. Tannhelsetenesta freistar å organisera tilbodet slik at pasientar og pårørande skal kunna bruke offentleg transport, og for institusjonspasientar er hovudregelen at dei reiser fleire ilag. Bil kan bare nyttast dersom helsetilstanden til pasienten eller rutetider for offentleg transport tilseier at det er mest hensiktsmessig. Grunna betring i tannhelse vil dei fleste pasientane nå bli innkalla til tannhelsekontroll med 1,5 - 2 års mellomrom, noko som reduserer behov for reise.

Folkehelse: God tannhelse inneber også god folkehelse. Det er viktig for tannhelsetenesta å gi eit godt og mest mulig likt tilbod til alle innbyggjarar i fylket. Folkehelsearbeidet vil vera betre forankra på tannklinikkar med eit godt fagleg miljø enn på små ambuleringsklinikkar.

Regional planstrategi:

Forslag til innstilling

Klinikkstrukturplan for tannhelsetenesta i Hordland 2016 – 2030 vart vedteke av fylkestinget den 8. mars 2016 (sak 6/2016). For fem av tannklinikkane i Hordaland fatta fylkestinget vedtak om å gjera «ny vurdering når kommunestruktur og oppgåvefordeling er avklart». Desse fem klinikkane er Ulvik tannklinikk, Lofthus tannklinikk, Rosendal tannklinikk, Langevåg tannklinikk og Manger tannklinikk. Fylkesrådmannen gjer framlegg om:

1. Ulvik tannklinikk blir lagt ned frå 01.05.2019. Pasientane får sitt framtidige tannhelsetilbod ved Voss tannklinikk.
2. Lofthus tannklinikk blir lagt ned når ny tannklinikk er klar til bruk i Odda. Pasientar busett på austsida av Sørfjorden kan velja om dei vil ha sitt framtidige tannhelsetilbod på Odda tannklinikk eller Voss tannklinikk.
3. Rosendal tannklinikk blir lagt ned frå 01.05.2019. Pasientane kan velja om dei vil ha sitt framtidige tannhelsetilbod på Husnes tannklinikk eller Odda tannklinikk.
4. Langevåg tannklinikk blir lagt ned frå 01.05.2019. Pasientane kan velja om dei vil ha sitt framtidige tannhelsetilbod på Bremnes tannklinikk eller på Sveio tannklinikk.
5. Manger tannklinikk blir lagt ned når ny sentralklinikk for Nordhordland står klar til bruk i Helsehuset Nordhordland, Knarvik. Pasientane kan velja om dei vil få sitt framtidige tannhelsetilbod på Lindås tannklinikk eller på den nye Nordhordland tannklinikk.

Ingrid Holm Svendsen
fylkesrådmann

Arne Åsan
fylkestannlege

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 08.01.2019

Klinikkstrukturplan for tannhelsetenesta i Hordland 2016 – 2030 vart vedteke av fylkestinget den 8. mars 2016. Målet med planen var - og er - å utvikle ein klinikkstruktur innafor gitte rammer som kan tilby innbyggjarane i Hordaland stabile tannhelsetenester – inkludert spesialisttenester – av høg fagleg kvalitet. Tannklinikane skal ha ein storleik som gjer dei robuste til å ta hand om pasientane ved vakansar, feriar og permisjonar.

To av tannhelsetenesta i Hordaland sine overordna mål er:

- Sikre eit likeverdig tannhelsetilbod til alle innbyggjarar i Hordaland
- Sikre gode fagmiljø på moderne tannklinikkar

Storleiken på klinikane er heilt avgjerande for å sikre eit likeverdig tannhelsetilbod med gode fagmiljø på moderne tannklinikkar. Storleiken på klinikane er og avgjerande for at folkehelsearbeidet kan koordinerast med samarbeidspartnarar på ein effektiv og god måte.

For fem av tannklinikane i Hordaland fatta fylkestinget vedtak om å gjera «ny vurdering når kommunestruktur og oppgåvefordeling er avklart». Desse fem klinikane er Ulvik tannklinikk, Lofthus tannklinikk, Rosendal tannklinikk, Langevåg tannklinikk og Manger tannklinikk.

Stortinget vedtok 8. juni 2017 at tannhelsetenesta skal halde fram som eit fylkeskommunalt ansvarsområde. Stortingsvedtaket opna samtidig for at totalt inntil 15 kommunar kan – om dei ønsker – starte med kommunal prøvedrift frå 01.01.2020 og i tre år framover. Våren 2018 sendte fylkesmennene melding til alle kommunar i Noreg om å melda frå dersom dei ønska slik kommunal drift av tannhelsetenesta. Totalt 20 kommunar meldte si interesse – 7 av desse var kommunar i Hordaland og 3 i Sogn og Fjordane. Dei aktuelle kommunane i Hordaland er: Bergen kommune, nye Alver kommune, nye Øygarden kommune, Voss kommune, Masfjorden kommune, Fedje kommune og Samnanger kommune.

Fylkesrådmannen hadde denne saka klar til politisk handsaming våren 2018. Det var vinter 2018 halde informasjonsmøte med alle dei aktuelle kommunane. Fylkesmannen i Hordaland si samtidige kartlegging av kommunal interesse for drift av tannhelsetenesta medførte utsetting av saka. Helse- og omsorgsdepartementet (HOD) har etter denne kartlegginga ikkje kome med ytterlegare informasjon om vidare saksgong. Fylkesrådmannen vurderer derfor at kommunestruktur og oppgåvefordeling er såpass avklart at det nå er aktuelt å få ei avgjerd om kva som skal skje med desse fem tannklinikane.

Ulvik tannklinikk – Aust tannhelsedistrikt

Ulvik tannklinikk er ein ambuleringsklinikk. Tannlege og tannpleiar ambulerer nå frå Voss tannklinikk for å undersøke og behandla dei prioriterte pasientane ein dag annakvar veke. Ved behov for tannhelsetilbod ut over det har pasientane reist til Voss tannklinikk for å få behandlinga utført der.

Aktuelle moment i saka:

- Ulvik herad vil bestå som eige herad.
- Dei prioriterte pasientgruppene i Ulvik kommune tel 289 personar. Grunna individuelle innkallingsintervall vil om lag 185 personar bli innkalla til tannhelseundersøking kvart år.
- Tal frå SSB viser at folketalet i Ulvik herad vil vere på same nivå i 2030 som i 2018.
- Reiseavstand frå Ulvik til Voss er 40 km, og reisetid er om lag 45 min.
- Ulvik tannklinikk har to behandlingsrom, og kun eit av desse blir brukt ein dag pr veke.
- Innsparing (årlege driftskostnader) ved å legge ned Ulvik tannklinikk vil vere omlag kr 300 000 kr.

Lofthus tannklinikk – Aust tannhelsedistrikt

Lofthus tannklinikk er ein ambuleringsklinikk som dekkjer den delen av Ullensvang herad som ligg på austsida av Sørfjorden. Dei som bur på vestsida av Sørfjorden har sitt tannhelsetilbod på Odda tannklinikk. Tannlege og tannpleiar ambulerer til Lofthus frå Odda tannklinikk to dagar i veka. Odda

tannklinikk har kapasitet både ut frå bemanning og areal til å gi eit tannhelsetilbod til alle innbyggjarane i Ullensvang herad, men er i dårleg stand spesielt med omsyn til universell utforming. Til dømes må pasientar busett i Odda og som er avhengig av motoriserte rullestolar få sitt tannhelsetilbod på Lofthus tannklinikk. Fylkesrådmannen er i dialog med Odda kommune om bygging av ny tannklinikk i Odda. I den vedtekne klinikkstrukturplanen står «det kan bli aktuelt å bygga ny tannklinikk i Odda i løpet av planperioden».

Aktuelle moment i saka:

- Odda kommune, Jondal herad og Ullensvang herad har vedteke å slå seg saman frå 01.01.2020 til Folgefonna kommune. Senter i den nye kommunen blir Odda.
- Tal frå SSB syner at det ikkje blir vekst i folketalet fram til 2030 i det området den nye kommunen vil dekkja.
- Dei prioriterte gruppene som tilhøyrer Lofthus tannklinikk tel 499 pasientar. Grunna individuelle innkallingsintervall vil om lag 325 personar bli innkalla til tannhelseundersøking kvart år.
- Pasientar som høyrer til Lofthus tannklinikk kan velga om dei vil ha tannhelsetilbod i Odda eller på Voss. Aktuelle avstandar er:
 - Kinsarvik - Odda 41 km – reisetid 40 min
 - Kinsarvik – Voss 50 km – reisetid 45 min
 - Bjotveit (lengst nordaust i Ullensvang) - Voss 38 km – reisetid 35 min
 - Bjotveit (lengst nordaust i Ullensvang) – Odda 52 km.- reisetid 50 min
- Lofthus tannklinikk har to behandlingsrom som er i bruk to dagar i veka.
- Innsparing (årlege driftskostnader) ved å legge ned Lofthus tannklinikk vil vere omlag kr 350 000.

Rosendal tannklinikk – Sør tannhelsedistrikt

Rosendal tannklinikk er ein ambuleringsklinikk. Tannlege og tannpleiar ambulerer frå Husnes tannklinikk i om lag 20%-stilling (ein dag pr veka). På Rosendal tannklinikk får inneliggande pasientar i institusjon samt pasientar som har heimesjukepleie eit tannhelsetilbod. Born og unge har også fått utført tannundersøkelse på Rosendal tannklinikk, men eventuell tannbehandling blir i hovudsak utført på Husnes tannklinikk.

Aktuelle moment i saka:

- Kvinnherad kommune skal bestå som eigen kommune.
- Tal prioriterte pasientar som er busett i Rosendal er totalt om lag 800, og 425 av desse får sitt tannhelsetilbod på Rosendal tannklinikk.
- Tal frå SSB viser at folketalet i Kvinnherad vil vere på same nivå i 2030 som i 2018.
- Avstanden mellom Rosendal og Husnes er 28 km, og reisetida er om lag 35 min.
- Pasientar busett inn mot Mauranger kan – slik som praksis er i dag – velga om dei vil ha tannhelsetilbodet på Odda tannklinikk eller på Husnes tannklinikk.
- Rosendal tannklinikk har tre behandlingsrom – der to er utrusta til bruk. Kun eit av desse brukast to dagar i veka.
- Innsparing (årlege driftskostnader) ved å legge ned Rosendal tannklinikk vil vere om lag kr 150 000.

Langevåg tannklinikk – Sør tannhelsedistrikt

Langevåg tannklinikk er ambuleringsklinikk og gir eit tannhelsetilbod til prioriterte pasientgrupper i nærområdet. Tannlege ambulerer til Langevåg tannklinikk ein dag annankvar veka, og tannpleiar ambulerer ein dag i veka.

Bremnes tannklinikk (på Svortland) er hovudklinikken i Bømlo kommune. Pasientar busett i Langevåg og områda rundt kan velja om dei vil ha tannhelsetilbodet på Bremnes tannklinikk eller på Sveio tannklinikk.

Aktuelle moment i saka:

- Bømlo kommune skal bestå som eigen kommune.
- SSB syner ei befolkningsauke på rundt 10 % i Bømlo kommune fram mot 2030.
- Dei prioriterte gruppene som vert behandla ved Langevåg tannklinikk er om lag 260.

- Pasientar som høyrer til Langevåg tannklinikk kan velja om dei vil ha tannhelsetilbod på Bremnes tannklinikk eller Sveio tannklinikk. Aktuelle avstandar er:
 - Langevåg – Bremnes 31 km – reisetid 30 min
 - Langevåg – Sveio 16 km – reisetid 40 min inkl ferje
- Innsparing (årlege driftskostnader) ved å legge ned klinikken er kr 125 000.

Manger tannklinikk – Nord tannhelsedistrikt

Manger tannklinikk er i dagleg drift. Klinikken har tre behandlingsrom der to er i dagleg bruk.

Lindås kommune, Meland kommune og Radøy kommune skal slåast saman frå 01.01.2020 til Alver kommune. Tannhelsetenesta har 4 tannklinikkar i desse kommunane, to i Lindås kommune (Knarvik og Lindås), ein i Meland kommune (Frekhaug) og ein i Radøy kommune (Manger). I klinikkstrukturplanen er det vedteke å bygge ny klinikk på Knarvik som skal dekke tannhelsetilbodet til store delar av Nordhordland. Den nye Nordhordland tannklinikken skal lokalisrast i Helsehuset Nordhordland, som er berekna klart til bruk i 2020/2021. Den nye klinikken skal erstatta nåverande Knarvik tannklinikk og Frekhaug tannklinikk, mens fylkestingsvedtaket er at Manger tannklinikk skal vurderast på nytt «når kommunestruktur og oppgåvefordeling er avklart.» Lindås tannklinikk skal bestå som eigen tannklinikk.

Aktuelle moment i saka:

- I Radøy kommune er det om lag 1350 personar som tilhøyrer dei prioriterte pasientgruppene. Av desse vil om lag 900 personar bli innkalla til tannhelseundersøking kvart år.
- Tal frå SSB viser ein auke i folketalet i Radøy kommune på omlag 15% fram mot 2030.
- Manger tannklinikk har 3 behandlingsrom der to er i dagleg bruk.
- Den nye Nordhordland tannklinikk i Helsehuset Nordhordland har kapasitet til at både personell og pasientar på Manger tannklinikk kan overførast dit.
- Avstanden Manger – Knarvik er 22 km. Reisetid er om lag 30 min
Avstanden Rossneset (lengst nord på Radøy) - Knarvik er 38 km. Reisetid er om lag 50 min.
- Innsparing av årlege driftskostnader ved ev nedlegging av Manger tannklinikk er kr 500 000.
- Manger tannklinikk ligg i leigde lokaler. Det har i fleire år vore store bygningsmessige utfordringar med fukt, råte og sopp. Av bygningsmessige årsaker må Manger tannklinikk i nær framtid bli flytta frå dei nåverande lokala.
- Pasientane kan velja om dei vil få sitt framtidige tannhelsetilbod på Lindås tannklinikk eller på den nye Nordhordland tannklinikk.